

Til foreldre/føresette!

Velkomne til reopning av 1.-4.trinn og SFO i Surnadal kommune!

Surnadal kommune forheld seg til dei nasjonale tiltaka ved reopning av 1.- 4. trinn og SFO, og er godt nøgde med [den nasjonale smitterettleia](#)ren barnetrinnet og SFO, som vi meiner gir gode og trygge rammer for opninga. I rettleiaren på Utdanningsdirektoratet sine sider, ligg det informasjon til dykk [foreldre](#). Vi anbefaler dykk også å sjå filmen [«Nå åpner skolen igjen»](#) saman med barna, før dei byrjar i skulen igjen. Sjølv om vi reopnar skulane, vil det vere ein annan skule-kvartdag enn vi er vant med. Det er sterkt fokus på at både barn og vaksne i skulen skal vere heime om ein berre føler seg litt sjuk, vi skal vaske hendene jamt, og vere saman i mindre elevgrupper med nokre få vaksne.

Alle barneskulane i kommunen blir opna for 1.- 4. trinn og SFO frå **måndag 27.04.20**. Undervisningstida og skuleskyssen vil gå som normalt. **SFO vil vere opne frå kl. 08.00 til 14.30 kvar dag i den første veka.** Det vil bli gitt eit trygt og godt tilbod til alle elevane på 1.- 4.trinn og i SFO.

Den begrensma opningstida er for å imøtekome oppfølginga av dei ekstra smitteverntiltaka på skulen, og arbeidstidsordningane til dei tilsette. Særleg gjeld dette bemanning av kohortane – den nye gruppeinndelinga. Slik det ser ut no, har vi nok bemanning i skulane og SFO, men det kan bety at for nokre vil leksehjelptida gå ut for ein periode for nokre skular. Alle tilsette i skulane må gjennomføre ei eiga smittevernoplæring før dei får arbeide i skulen igjen frå måndag 27.04.20.

Dersom nokre av elevane eller dei dei bur saman med, kan høyre til i risikogruppa, vil fastlegen gjere ei vurdering av dette. For elevar som ikkje møter på skulen av andre årsaker, gjeld vanlege fråværsreglar.

I tillegg til barnehagane, 1.-4.trinn og SFO, vil det bli gjeve fjernundervisning og dagtilbod til elevar med særskilde behov på 5.- 10.trinn.

Dette er generelle reglar det er viktig å følgje:

Kva	Innhald
Skuletida	Vanleg skuletid kvar dag
Skuleskyss	Vanleg skuleskyssordning går. Elevane skal sitje på annakvart sete. Inngang på bussane blir frå midtdøra. Det er fint om foreldre kan køyre sjølv, eller følgje eleven til busshaldeplassen og vente på bussen saman med elevane.
Åpningstid SFO	08.00 – 14.30 kvar dag
Handvask	Vask hendene godt før de dreg heimefrå, og vask hendene igjen når barna kjem inn i skulen.
Måltider med matpakke	Frukost skal etast heime. Matpakke skal innehalde eteklar lunsjmat og frukt til både skolemåltidet og evt. til SFO. Elevane kan også ta med eiga drikkeflaske.
Oppmøte på skulen	Barna skal møte ved tilvist stad, og får komme inn i garderoben saman med gruppa si.
Klede	Barna må komme i reine klede kvar dag. Send med skift tilsvarende ein dags forbruk.
Sjuke barn	Sjuke barn med symptom skal ikkje møte i barnehagen. Dei SKAL vere heime til dei har vore symptomfrie i 1 døgn. Blir dei sjuke i løpet av dagen, må dei straks bli henta heim.

Dei viktigaste smitteverntiltaka gjeld framleis oss alle: god handhygiene, vere heime så fort ein kjenner på sjukdomsteikn, halde sosial avstand på minst 2 meter, og møtast i grupper på maks. 5 personar. Vi må følgje

desse reglane, for at vi skal lykkast best mogleg med reopninga av barnehagane, og 1.-4.trinn og SFO frå 27.04.20

Har de fleire spørsmål, ta kontakt med eigen skule

Med helsing
Astrid M. Høivik
Kommunalsjef for oppvekst
Surnadal kommune